

# Undersøking av formbruken i ulike typar publisert materiale på nynorsk

Åse Wetås

## 1. Kjelder

Eg har forsøkt å gjera utvalet av kjelder til undersøking av formbruk så breitt som mogleg, både med omsyn på geografi og sjangrar. Likevel har det vore enklast å få skaffa seg oversyn over formbruken i avisene. Ei hovudårsak til dette er at det finst ganske gode tekstdatabasar der det er samla avismateriale på nynorsk.

Sjangeren skjønnlitteratur er dårleg representert. Her viser eg i hovudsak til Vikør 1995, men eg har i tillegg gått gjennom eit par romanar som er av nyare dato enn materialet til Vikør. Grunnen til at det har vore vanskeleg å få til egne søk i eit representativt utval skjønnlitterære tekstar er delvis at eg har hatt for lite tid til disposisjon til å ekserpera tekstar manuelt, og delvis at eg har fått tilbakemeldingar frå forlag om at dei ikkje på kort varsel kan gje ut diskettar med publisert skjønnlitterært materiale i digital form.

Eg har elles hatt ein del problem med søka i dei store tekstdatabasane. Dette har fleire årsaker. Eitt problem er homografi. Eit anna er at det har snike seg inn ein del bokmålstekstar i basane. Dermed kan frekvensen av ein del “fellesformer” bli høgare enn han eigentleg er. For å eliminera desse feilkjeldene, måtte eg ha gått systematisk gjennom kvar førekomst og undersøkt konteksten han stod i. Då ville eg brukt mykje meir tid enn den korte undersøkingsperioden eg har hatt til disposisjon. Eg har likevel teke stikkprøvar innimellom, og kommenterer desse i dei tilfella det er relevant.

## 2. Undersøking av sakprosamateriale

Materialet i sakprosadelen av undersøkinga er hovudsakleg avistekstar, men i tillegg har eg analysert dei nynorske NOU-tekstane som ligg i databasen til Tekstlaboratoriet. Eg har også teke for meg tre læreverk. To av desse er heilt nye nettlæreverk i samfunnsfag for den vidaregåande skolen, og det tredje er eit tekstutval frå Berge Furre. 1991. *Vårt hundreår*. Oslo: Det Norske Samlaget.

I tillegg til tekstmaterialet eg har ekserpert sjølv, kjem eg til å referera resultat frå undersøkingar andre har gjort på dette området.

### 2.1 NOU-materialet

Materialet avgrensar seg til dei tre NOU-ane på nynorsk som er lagde inn i basen til Tekstlaboratoriet. På internettet har Tekstlaboratoriet ein nettstad der databasen ligg, og søkemoglegheitene er svært gode.

Fordi materialet her samla sett er nokså magert, er det ein del punkt i undersøkings skjemaet eg har nytta som må stå opne. Søka i basen til Tekstlaboratoriet er kvantitative, så resultatata må presenterast litt annleis enn andre delresultat.

### Tekstgjennomgang:

#### Morfologi

##### Substantiv

Offentlege publikasjonar skal halda seg innanfor læreboknormalen, og for substantiva sin del finst det heller ingen [-i]-endingar i bf.sg. av sterke femininum, eller [-or, -one]-endingar i pl. av svake femininum. Endinga -e i ubunden form sg. av svake femininum blir også programmessig nytta.

Eg har ikkje funne døme på svake nøytrumsord i denne delen av materialet.

### Adjektiv

For å kunna definera søket, gjekk eg inn og søkte på nokre einskildformer. Ingen av desse formene var representerte i materialet.

### Pronomen

NOU-ane nyttar alle saman *vi* som personleg pronomen, 1. pers.pl. Søk på *deira* gav fire førekomstar, medan søk på sideforma [*deires*] ikkje gav treff i det heile. Også når det gjeld *annan* og *anna* er det berre hovudformene som er representerte. Det er sju førekomstar av hovudforma *noko*, og ingen av sideforma [*noe*].

### Verb

Ved søk på infinitivar med *-e* fekk eg til saman opp 109 førekomstar. Her har eg søkt på infinitivar med *-e*-ending og trekt frå for verb som *gje*, *skje* og *be*. Ved tilsvarende søk på infinitivar med *-a*, fekk eg 46 førekomstar som søkeresultat. Her har eg trekt frå for verb som *ha*, *ta* og *la*. I tillegg gjorde eg einskildsøk på dei 10 infinitivane som er oppførte med høgast frekvens i *Nynorsk frekvensordbok*.

**Tabell 1:** infinitivsendingar (viser ikkje dei søka der det korkje var treff på former med *-e* eller *-a*):

<b>-a</b>	<b>-e</b>
<i>vera</i> : 3 førekomstar	<i>vere</i> : 27 førekomstar
<i>kunna</i> : 4 førekomstar	<i>kunne</i> : 1 førekomst
<i>komma</i> : ingen førekomst, <i>koma</i> : ingen førekomst	<i>komme</i> : ingen førekomst, <i>kome</i> : 1 førekomst
<i>måtta</i> : 1 førekomst	<i>måtte</i> : ingen førekomst
<i>gjera</i> : 1 førekomst, <i>gjøra</i> : ingen førekomst	<i>gjere</i> : 3 førekomstar, <i>gjøre</i> : ingen førekomst
<i>leggja</i> : ingen førekomst, <i>legga</i> : ingen førekomst	<i>leggje</i> : ingen førekomst, <i>legge</i> : 2 førekomstar

Medan NOU 95/01 konsekvent nyttar forma *vera* (2 treff), bruker NOU 95/02 forma *vere*, med unntak av eitt einskildtilfelle, der forma *vera* blir nytta. NOU 95/01 nyttar forma *kunna*, medan NOU 95/02 har forma *kunne*. 94/01 og 95/02 nyttar forma *gjere*, medan 95/01 har *gjera*.

NOU 94/01 er konsekvent i bruken av *-e*. For NOU 95/01 sin del, dukkar det opp nokre treff på *-e*, men ved nærare ettersyn viser dette seg å vera bokmålsinnslag i teksten. I NOU 95/02 er det nytta *e*-infinitivar, men eit par gonger blandar det seg inn *a*-infinitivar (*fatta*, *føra*).

Når det gjeld preteritumsformer, er det svært lite å velja i her. Tekstmengda er lita, og sjangeren er i tillegg slik at desse formene mest ikkje finst. Dei eg har funne, er likevel hovudformene *kjende* (ein førekomst) og *valde* (fire førekomstar), samt sideforma [*talte*]. Dette er samla sett altfor magert til at det kan trekkjast eintydige konklusjonar.

For supinum av svake verb med obl. *-(d)de* i pret. var det heller ingen treff i basen. Men for supinum av sterke verb er det dei jamstelte formene med *-e* som blir nytta. Passiv- og reflektivformer med *-st* er også einerådande.

Det er berre kortformer av verb; *gi/gje*, *ta*, *ha*, *la* osv. det finst døme på i basen. Ingen av dei tilsvarende langformene er representerte. Svake former av sterke verb finst derimot: *gitt* finst det seks førekomstar av, mot fire *gjeve*. Den svake forma *tatt* er ikkje nytta, medan *teke* er brukt tre gonger.

Som utgangspunkt for val av ord til søket på former med eller utan *j*, har eg nytta *Nynorsk frekvensordbok*. Som underlagsmaterialet mitt viser, var det få av formene det var treff på.

**Tabell 2:** former med og utan *j*.

Med <i>j</i>	Utan <i>j</i>
<i>leggja/-e</i> : ingen førekomst. Ein førekomst av forma <i>leggjast</i>	[ <i>legge</i> ]: to førekomstar
<i>byggja/-e</i> : ein førekomst av presensforma <i>byggjer</i> .	[ <i>bygge/a</i> ]: ingen førekomst
<i>søkja/-e</i> : ingen førekomst	[ <i>søke</i> ]: 11 førekomstar

Forma *bli* finst det fire førekomstar av i materialet, men det er ingen treff på forma *verte/-a*. Presensforma *blir* er det 36 treff på i materialet, mot fem treff på *vert* (her bruker både NOU 95/01 og 95/02 begge formene). Formene *blei*, *blitt* og *vorte* finst ikkje i materialet, medan det er tre treff på forma *vart*.

### Fonologi

#### Vokalar: monoftongar

- i. *a – e*: det er berre hovudformene *anten* og *berre* som blir nytta.
- ii. *e – i*: ingen førekomstar av orda *vita*, *veta*, *vit* og *vett*, som det er søkt på. Derimot eitt tilfelle av forma *\*dreven* i setninga “banken vert dreven utan utgifter for staten.”
- iii. *e – ø*: hovudformene *gjera/gjere* og *gjer* finst i materialet. Sideformene er ikkje representerte.
- iv. *jo – y*: ingen treff i basen på *ljøs* og *lys*.
- v. *o – u*: berre *skole* blir nytta (20 førekomstar, alle som førsteledd i samansetjingar).
- vi. *o – å*: hovudforma *no* og sideforma [*nå*] er representerte med to treff kvar. Det er fem førekomstar av hovudforma *så*, og ingen av sideforma [*so*].
- vii. *u – y*: ingen treff.
- viii. *u – ø*: ingen treff.
- ix. *y – ø*: eitt treff på infinitiven *følgje* og tre treff på presensforma *følgjer*. Ingen forekomstar av sideforma [*fylgje*]. To førekomstar av *først*, og ingen av *fyrst*. To førekomstar av *ynskje* og to av *ønskje*. Hovudsakleg er det altså former med *ø* som blir nytta.

#### Vokalar: diftongar

- i. *au – ø*: ingen treff.
- ii. *ø – øy*: ingen treff.

#### Konsonantar

- i. Enkel vs dobbel *m*: det er to førekomstar av forma *kome*, medan det ikkje er treff på forma *komme*.
- ii. Enkel vs dobbel *t*: ingen treff.

#### Anna

Bruken av *mogleg/mogeleg* [*muleg*]: forma *mogeleg* er nytta ein gong.

#### Delkonklusjon

I denne delen av materialet blir det stort sett berre nytta hovudformer, men overraskande nok er det også nokre innslag av sideformer, t.d. forma [*nå*]. Ein skal likevel vera merksam på at det er søkt maskinelt i denne undersøkinga, og at det også kan finnast døme på bruk av former som ligg utanfor norma, men som ikkje blir fanga opp i mine spesifiserte søk.

## 2.2 Lærebøker

Dei to nettlæreverka er *Samfunnslære på nett* (Cappelen, <http://samfunn.cappelen.no>) og *Samfunnslære for VK1* (Norsk samfunnsvitenskapleg datateneste, [www.s-vev.no](http://www.s-vev.no)). Eg har søkt i

dei tekstane som låg tilgjengelege på internettet i september 2001. Berge Furre. 1991. *Vårt hundreår* har eg fått låna på diskett av prof. Jan Terje Faarlund. Til saman utgjorde materialet som låg på denne disketten oml. 15 A4-sider med tekst. Eg kan difor ikkje visa til sidetal for funn frå nokon av desse publikasjonane.

Eg skulle gjerne hatt mykje meir lærebokmateriale å ekserpera former frå, men det har ikkje vore tid til det. Atle Mosling (1998: 1) kommenterer også at det er vanskeleg å få tilgang til søkbart lærebokmateriale forlaga har på diskett, så dette må ein nok arbeida meir med, om ein skal få tak i eit representativt materiale.

## **Tekstgjennomgang:**

### **Morfologi**

#### **Substantiv**

Godkjende læremiddel skal halda seg innanfor læreboknormalen. Det er difor ikkje uventa at det ikkje finst [-i]-endingar i bf.sg. av sterke femininum, eller [-or, -one] i pl. av svake femininum. Dei to nettlæreverka bruker også endinga -e i ubunden form sg. av svake femininum. *Vårt hundreår* held seg også til hovudformene på desse punkta.

Det er berre i Cappelen-verket eg har funne ei svak nøytrumsform (*auga* bf.pl.).

#### **Adjektiv**

Nøytrumsformer av adjektiv på -en er lite representerte her som i dei andre tekstmateriala eg har undersøkt, men litt overraskande finst sideforma [*kristent*] i læreverket til Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD). I *Vårt hundreår* er det også eitt einskilddøme på nøytrumsform av adjektiv på -en med den jamstelte forma *ope*.

#### **Pronomen**

Begge nettlæreverka nyttar *vi* som personleg pronomen 1.pers.pl. Det same gjer *Vårt hundreår*. Alle nyttar også elles hovudformene *deira*, *annan*, *anna* og *nokon*, *noka*, *noko*, *nokre*.

#### **Verb**

Begge nettlæreverka forsøker å nytta *e*-infinitivar, men i samfunnslæra frå NSD dukkar det eit par stader opp avvikande *a*-infinitivar (*sitja*, *skjerpa*). I *Vårt hundreår* nyttar Berge Furre *a*-infinitivar, men ein stad har det snike seg inn ein *e*-infinitiv (*kjøre*).

I preteritumsformer av *e*- og *j*-verb nyttar begge nettlæreverka hovudformer med -de-ending (*femnde*, *nemnde*, *spurde*, *kjende* osv.). Det same gjeld Berge Furre (men ein stad nyttar han den jamstelte forma *førte*).

Når det gjeld supinum av svake verb med obl. -(d)de i pret., nyttar begge nettlæreverka jamstelte former med -(d)d-ending. Døme: *prøvd*, *levd*, *leidd*, *fødd*, *arbeidd*, *greidd*. Dette er også tilfellet i *Vårt hundreår* (*snudd*, *bygd*, *levd*).

I supinum av sterke verb har eg berre registrert bruk av hovudformene med -e. Passiv- og refleksivformer med -st er også einerådande.

Det er utstrekt bruk av kortformer av verb; *gi*, *ta*, *rå*, *be* osv. i begge nettlæreverka. *Vårt hundreår* nyttar kortformene *gje* og *ta*. Eg finn ingen døme på svake former av sterke verb, korkje i dei to nettlæreverka eller i historiebooka til Furre. Alle tre nyttar også konsekvent former av verb med *j* (*byggje*, *tenkje*, *leggje*, *liggje* osv.).

Når det gjeld bruken av *bli/verta* vel begge nettlæreverka bøyinga *bli-blir-vart-vorte*. Hos Furre er formene *bli-blir/vert-vart-blitt* representerte.

## Fonologi

### Vokalar: monoftongar

- i. *a – e*: i begge nettlæreverka blir hovudforma *berre* nytta. I Cappelen-verket har eg ikkje funne bruk av ordet *anten*, men i verket frå NSD blir både hovudforma *anten* og sideforma [*enten*] nytta. Furre nyttar hovudformene *anten* og *berre*.
- ii. *e – i*: begge nettlæreverka nyttar forma *vite*. Det same gjer Furre.
- iii. *e – ø*: begge nettlæreverka nyttar hovudforma *gjere*. Furre har *gjera* og *gjer*.
- iv. *jo – y*: ingen treff i nettlæreverka. *Vårt hundreår* nyttar den jamstelte forma *lys*.
- v. *o – u*: begge nettlæreverka nyttar den jamstelte forma *skole*. Her nyttar Furre forma *skule*.
- vi. *o – å*: begge nettlæreverka nyttar hovudformene *no*, *enno* og *så*. Det same gjer Furre, og han bruker i tillegg hovudforma *tolmod*.
- vii. *u – y*: i Cappelen-verket er det eit døme på bruk av forma *lykk-*, i samansetjinga *vellykka*. Furre nyttar også denne forma (*lykkast*, *vellykka*).
- viii. *u – ø*: Cappelen-verket nyttar hovudforma *tørre*.
- ix. *y – ø*: her nyttar Cappelen den jamstelte forma *ønskjer* og hovudforma *følgje*. NSD-boka nyttar den jamstelte forma *ynskjer*, *ynskte*, den jamstelte forma *fyrst*, og hovudforma *følgje* f. *Vårt hundreår* nyttar former med *y*; *fyrst*, [*fylgjer*] og *ynske* n.

### Vokalar: diftongar

- i. *au – ø*: begge lærebøkene bruker korrekt *haust* med diftong. I nettverket frå Cappelen har eg i tillegg funne eit døme på bruk av hovudforma *straum*. Furre nyttar hovudforma *straum*, eineformene *aust* og *haust*, og den jamstelte forma *laup*.
- ii. *ø – øy*: begge nettlæreverka nyttar former med diftong (*høyre*, *gløyme* osv.). Det same gjer *Vårt hundreår*.

### Konsonantar

- i. Enkel vs dobbel *m*: begge nettlæreverka nyttar hovudformer med dobbel konsonant (*rammer*, *dømme*, *dømmande*, *gammal*). Cappelen og Furre har enkel konsonant i *kome/-a*, medan NSD nyttar dobbel konsonant; *komme*. Furre nyttar hovudforma *gammal*, men sideforma [*tome*] i pl. av adj. *tom*.
- ii. Enkel vs dobbel *t*: i læreverket til Cappelen blir den jamstelte forma *brott* nytta. Furre nyttar formene med enkel konsonant; *oppbrot*, *forskot*.

### Anna

Bruken av *mogleg/mogeleg/[muleg]*: Cappelen held seg til forma *mogleg*, og det same gjer Berge Furre. NSD nyttar begge dei jamstelte formene *mogleg* og *mogeleg*.

Elles kan det nemnast at *Vårt hundreår* nyttar den jamstelte forma *nedlæste*.

### Delkonklusjon

I to av desse tekstane, Cappelen og Furre, blir det nokså konsekvent nytta hovudformer. I læreverket til NSF er det derimot både ein del sideformer, og ein del inkonsekvensar internt i teksten. Det må også peikast på litt anna språkleg smårusk her og der i nynorskomsetjinga av dette læremiddelet ([www.s-vev.no](http://www.s-vev.no)). Som døme på dette kan nemnast at *skole* m. ser ut til å vera nytta som femininum i frasen “di eiga skole”, og at substantivet *resultat* n. får pl.forma *\*resultater*.

I begge nettlæreverka er det valt *-e*-infinitivar, medan Furre vel *a*-infinitivar. Alle tre vel *vi* som pers.pron. 1. pers.pl. På punktet som gjeld bruken av *y* eller *ø* skil teksten til Furre seg frå dei to andre. Han ser ut til konsekvent å nytta formene med *y*.

## 2.3 Avismaterialet

Det er gjort to typar søk i avismaterialet. Den eine typen er store mengdesøk i databasane til Norsk Tekstarkiv ([www.hit.uib.no](http://www.hit.uib.no)) og Tekstlaboratoriet ([www.hf.uio.no/tekstlab/](http://www.hf.uio.no/tekstlab/)). Her har eg måtta definera søka smalt for å kunna henta relevant informasjon ut av databasane. For at

søka ikkje skulle bli for generelle, har eg sett opp lister over dei mest frekvente verba i *Norsk frekvensordbok*, og brukt desse som utgangspunkt for å finna ut korleis tilhøvet er mellom jamstelte former, og mellom hovud- og sideformer.

I tillegg har eg gått manuelt gjennom eit utval aviser på ein bestemt dato og ført opp funna i tabellar (jf vedlegg). Denne delen av materialet har eg valt å presentera mest mogleg samla, men med kommentarar som knyter seg til spesielle funn i dei ulike publikasjonane.

Materialet frå Tekstlaboratoriet er henta ut ved bruk av massesøk. Sjølv om Tekstlaboratoriet har ein god søkefunksjon, er det vanskeleg å avgrensa materialet skikkeleg. T.d. er det slik at sjølv om ein i søkeskjema vel bort alle dei grammatiske kategoriene ein ikkje ønskjer å ha med, dukkar dei likevel ofte opp i søkeresultatet. Eit godt døme er søket på nøytrumsformer av adjektiv på *-en*. Her avgrensa eg søket til å gjelda adjektiv med utlydande *-e*, og eg utelukka treff frå andre ordklassar før eg starta søket. Trass i dette dukka det opp treff frå heilt andre ordklassar i søkeresultatet (m.a. var både substantiv- og verbformer representerte).

### 2.3.1 Tekstlaboratoriet

Her er det tre delmateriale eg har arbeidd med kvar for seg; *Bergens Tidende*, *Bondebladet* og ei samling lokalaviser. Eg har teke kontakt med Tekstlaboratoriet for å få vita kva for aviser som er med i utvalet av lokalaviser. Dei er ikkje heilt sikre sjølv, men trur det kan vera identisk med materialet av lokalaviser på nynorsk frå 1980–1983 som også finst hos Norsk Tekstarkiv. Tekstlaboratoriefolka meiner det i alle fall er tale om aviser som *Sunnmørsposten*, *Firda* og *Dølen*<sup>1</sup>. Dette må undersøkast nærare.

#### 2.3.1.1 Tekstgjennomgang, lokalaviser:

##### Morfologi

##### Substantiv

I søka finn eg 31 førekomstar av sideformer med *[-i]*-endingar i bf.sg. av sterke femininum, medan det er 6.108 førekomstar av former med *-a*-ending. I dette talet er det jo sjølv sagt også mange svake femininum. Eg har gått gjennom dei 300 mest frekvente orda i *Nynorsk frekvensordbok*, og der har eg funne seks sterke og seks svake hokjønnsord. Det å seia ut frå dette at halvparten av førekomstane i materialet mitt er sterke femininum, er ikkje utan vidare statistisk haldbart. Det er likevel ikkje naudsynt å rekna særleg mykje grundigare på dette, når tala her går så eintydig i favør av hovudformene.

Når det gjeld endingar i pl. av svake femininum, er også hovudformene *-er*, *-ene* fullstendig dominerande. Bruk av sideformene er det to treff på: *matvaror* og *kjempor*.

Endinga *-e* i ubunden form sg. av svake femininum: her finn eg 1.803 førekomstar av *-e*-ending, men ingen bruk av *[-a]* i det heile<sup>2</sup>.

Bruken av svake nøytrumssubstantiv er det også her vanskeleg å trekkja tydelege konklusjonar ut frå, men det kan sjå ut til at ein blanding av dei to bøyingsmønsterne er mykje nytta, jf **tabell 3**:

ubunden form sg.	bunden form sg.	ubunden form pl.	bunden form pl.
<i>auge</i> (6 treff)		<i>auge</i> (4 treff)	
<i>auga</i> (1 treff)	<i>auga</i> (5 treff)		<i>auga</i> (4 treff)
* <i>augo</i> (1 treff)		<i>augo</i> (5 treff)	<i>augo</i> (23 treff)
		* <i>auger</i> (1 treff)	* <i>augene</i> (3 treff)

Den dominerande bøyinga ser altså ut til å vera *auge-auga-auge/augo-augo*.

<sup>1</sup> Opplysningar i e-postbrev frå Tekstlaboratoriet 25/9.

<sup>2</sup> I desse store søka kjem feilkjeldene i basen tydeleg fram. Sjølv om eg i dette søket har valt ut kategorien substantiv, og definert alle andre kategoriar ut av søket, gjev søkeresultatet to treff på infinitiven *vera*. Dette ser ut som feiltaggingar i materialet.

For *hjar*te ser oversynet slik ut, **tabell 4**:

ubunden form sg.	bunden form sg.	ubunden form pl.	bunden form pl.
<i>hjar</i> te (8 treff)	<i>hjar</i> te (1 treff)		
<i>hjar</i> ta (3 treff)	<i>hjar</i> ta (2 treff)		
	<i>hjar</i> tet (1 treff)		
		<i>hjar</i> to (1 treff)	<i>hjar</i> to (1 treff)

Problemet med den undersøkingsmåten som er nytta her, er at det ikkje på enkelt vis er mogleg å sjå kva former som blir nytta i den einskilde publikasjonen. Det kan sjå ut til at det er ein god del blanding i bruken av former her, men det ville krevja mykje arbeid å undersøka nærare om treffa høyrer til i dei same publikasjonane.

### Adjektiv

I søket etter nøytrumsformer av adjektiv på *-en* måtte eg søka direkte på einskildformer for å få eit brukbart søkeresultat. I søk på *open* fann eg 21 førekomstar av forma *ope*, og ingen av den jamstelte forma *opi* eller sideforma [*opent*]. I materialet var det dessutan to treff på forma *vake*, og eitt treff på forma [*kristent*]. Her ser det altså ut til at hovudformene står relativt sterkt.

### Pronomen

I søk på personleg pronomen, 1. pers.pl. var det 1.870 treff på forma *vi*, og 268 treff på forma *me*. Her viser det seg altså ein sterk tendens til bruk av *vi*.

Søk på hovudforma *deira* gav 77 treff, medan søket på sideforma [*deires*] var utan resultat. Eg har også kontrollsøkt på forma *\*deiras*, som fanst i ein del av det upubliserte materialet eg har undersøkt (jf undersøkinga av upublisert nynorsk), men søket gav ingen treff.

Søk på *annan* gav 66 treff, medan søk på [*annen*] ikkje gav resultat. I søk på *ei* + *anna* fekk eg 37 førekomstar som resultat, medan søk på *ei* + [*onnor*] gav 4 treff i materialet. Også på dette punktet ser sideformene ut til å stå svakt.

Søket på hovudformene av *noko* og dei tilsvarende sideformene, viser også at hovudformene har ein suveren status. Materialet inneheld 225 førekomstar av *nokon*, og berre 5 førekomstar av [*noen*].

### Verb

Infinitivar: søket gav 6.828 treff på infinitivar med *-e*, og 3.270 treff på infinitivar med *-a*. Problemet med denne typen søk er at det er vanskeleg å få oversyn over bruken av kløyvd infinitiv, fordi mengdesøka ikkje kan seia noko om dette. For å undersøka bruken av infinitivar nærare, har eg i tillegg søkt på dei ti verba som er førte opp med høgast frekvens i *Nynorsk frekvensordbok*<sup>3</sup>. Resultata er førte opp i **tabell 5**:

Verb	-a	-e
<i>vera/vere</i>	573 treff	618 treff
<i>kunna/kunne</i>	38 treff	171 treff
<i>verta/verte</i>	103 treff	67 treff
<i>skulla/skulle</i>	ingen treff	16 treff
<i>vilja/vilje</i>	ingen treff	1 treff
<i>komma, koma/ komme, kome</i>	(4 + 164) = 168 treff	(21+ 183) = 204 treff
<i>seia/seie</i>	91	134
<i>mätta/måtte</i>	5	21
<i>gjera, gjøra/gjere, gjøre</i>	(153 + 0) = 153 treff	(159 + 3) = 162 treff
<i>leggja, legga/leggje, legge</i>	(39 + 0) = 39 treff	(36 + 54) = 90 treff

<sup>3</sup> For nokre av desse verba er det nok ikkje sikkert kor mykje infinitivane blir nytta, men lista dannar likevel eit greitt utgangspunkt.

Ut frå talmaterialet må me nok tru at det er ein god del bruk av kløyvd infinitiv i desse avis-tekstane. Formene *vera* og *vere*, *koma* og *kome*, kjem ut med om lag same frekvens, medan bruken av *kunna* og *leggja* er mykje lågare enn *kunne*<sup>4</sup> og *leggje*. Meir underleg er det vel i så måte at det er så mange fleire treff på *verta* enn på *verte*, men her skal ein samstundes hugsa på at inf. *bli* kan vera svært utbreidd. Likevel viser den manuelle ekserperinga mi at det i svært mange tilfelle blir blanda, og at tekstane altså ofte er inkonsekvente i bruken av infinitivar.

I undersøkinga av preteritumsformer tok eg utgangspunkt i former som gjekk att i barne- og ungdomstekstane eg har granska, delvis for å få søkbare former, og delvis for at dette skulle kunna vera utgangspunkt for direkte samanlikning. Som materialoversyna viser, er det sterk overvekt i bruken av hovudformer med *-de*, og lite bruk av sideformene med *[-te]*. Der *-de* og *-te* er jamstelte former, er det mindre skilnader i frekvensen (*førde* og *førte* kom ut med 17 treff kvar i materialet).

For supinum av svake verb med obl. *-(d)de* i pret. ser tendensen nokså eintydig ut til å vera at formene med *-(d)d* blir valde. Medan *greidd*, *skjedd*, *budd* og *rådd* var einerådande, var det litt større variasjon for andre undersøkte former. Søk på *arbeidd* gav 38 treff, mot sju treff på forma *arbeidt*. Søk på *fødd* gav 12 treff, mot åtte treff på forma *født*. Søk på *-vd* gav 44 treff, mot 17 treff på *-vt*. Tendensen er uansett her val av former med *-d*.

I supinum av sterke verb er det sterk overvekt av former med *-e*. Totalt er førekomsten av desse 1.653, mot 16 treff på sideformer med *[-i]* (*[vori]*, *[vorti]* og *[eti]*). Supinum med *-i* står altså svakt, også i dette delmaterialet.

Søk på passiv- og refleksivformer med *-st* gav 945 treff, medan tilsvarande søk på *-s* ikkje gav treff i det heile.

Kortformene av verb dominerer fullstendig over dei tilsvarande langformene. Medan *gje* og *gi* kjem ut med 261 førekomstar, er det 5 treff på forma *gjeva*, og ingen på infinitiven *gjeve*. Her skil likevel *la* og *lata/-e* seg ut. Totalt er det 36 førekomstar av kortforma, og 12 av langformene, slik at forholdstala mellom desse er mykje jamnare.

Dei svake formene av sterke verb er vesentleg mindre nytta enn dei sterke formene. I materialet er det 65 førekomstar av *gjeve* og 33 av *gitt*, 149 førekomstar av *teke* mot berre 49 av *tatt*, og seks førekomstar av hovudforma *drege*, mot ingen av sideformene [*dradd*, *dratt*].

I søket på former med eller utan *j*, har eg valt ut dei mest frekvente verba i denne gruppa frå *Nynorsk frekvensordbok*. Her er vel resultatet av søka litt påfallande. For dei fleste av verba står hovudformene med *j* sterkare enn sideformene utan. Men dette ser ikkje ut til å gjelda tilhøvet mellom hovudformene *leggja/-e* (74 treff) og *byggja/-e* (75 treff), og dei tilhøyrande sideformene [*legge*] (54 treff) og [*bygge*] (75 treff). Her må det kommenterast både at frekvensen av sideformene er overraskande høg, og at det berre er sideformene med *-e* dette gjeld. For desse søka er det også viktig å peika på at fordelinga i bruken av hovudformer og sideformer er mykje jamnare enn fordelinga mellom hovud- og sideformer innanfor andre kategoriar.

For bruken av *bli* og *verta/-e* viser søka at infinitiven *bli* er mykje meir frekvent enn *verta/-e* (567 mot 170 treff), medan tilhøvet mellom presensformene *blir* (812 treff) og *vert* (882 treff) er ganske jamt. Preteritumsforma *vart* er nytta 14 gonger så mykje som *blei*, medan tilhøvet mellom *vorte* og *blitt* er 100 mot 152 treff. Om ein skal kunna peika ut noka “standardbøying” frå dette, må ho sjå ut om lag som dette: *å bli - blir/vert - vart - vorte/blitt*.

## Fonologi

### Vokalar: monoftongar

- i. *a – e*: hovudformene *anten* og *berre* er mykje meir nytta enn sideformene, men tala viser at sideforma [*enten*] er mykje meir nytta enn sideforma [*bare*].
- ii. *e – i*: formene med *i* er mykje meir nytta enn formene med *e*.
- iii. *e – ø*: hovudforma *gjera/-e* er nesten einerådande i materialet.

---

<sup>4</sup> Her har eg sjølvsagt gått gjennom treffa manuelt, for å sjekka at det berre er infinitivar som er med i søkeresultatet, og ikkje preteritumsformer.



- iv. *jo – y*: *ljøs* og *lys* er jamstelte former, og bruken av dei er også ganske jamn i dette materialet, med 18 førekomstar av *ljøs* og 23 av *lys*.
- v. *o – u*: forma *skule* er fem gonger meir nytta enn forma *skole*. Dette gjeld både søket på usamansette former, og søket på *skule/skole* som sisteleddet i samansetjingar.
- vi. *o – å*: hovudforma *no* har om lag fire gonger så høg frekvens som sideforma [*nå*]. Bruken av hovudforma *så* er 12 gonger så høg som bruken av sideforma [*so*]. Talet på treff på *tola/-e* og [*tåla/-e*] er så lågt at det ikkje er mogleg å lesa ut tendensar i bruken.
- vii. *u – y*: forma *skuld* er mykje meir frekvent enn forma *skyld* (om lag 15:1 både usamansett og samansett). For *lukke* og *lykke* er det 14 mot seks treff.
- viii. *u – ø*: det er 86 treff på forma *sundag*, og 53 treff på forma *søndag*.
- ix. *y – ø*: her er overraskande nok sideforma [*fylgje*] to gonger så frekvent som hovudforma *følgje*. Tilhøvet mellom dei jamstelte formene *fyrst* og *først* er eit anna; her har forma med *y* 63 treff, medan forma med *ø* har 115 treff. For *ynskje* og *ønskje* er tendensen motsett att; søk på forma med *y* gjev 23 treff, medan søk på forma med *ø* gjev 12 treff. I det heile er det vanskeleg å lesa nokon eintydig tendens her, men overraskande er det at sideforma [*fylgje*] dominerer på den måten ho gjer.

### Vokalar: diftongar

- i. *au – ø*: eineformene *aust* og *haust* er einerådande. Det same er den jamstelte forma *naud*, med seks treff. Hovudforma *straum* er det åtte førekomstar av i materialet, medan det er to førekomstar av sideforma [*strøm*]. I dette materialet ser me altså at det ikkje snik seg inn former som *\*øst* og *\*høst* i det heile.
- ii. *ø – øy*: for alle dei orda eg har søkt på, viser det seg at formene med diftong står sterkt. Det er svært få treff på former med monoftong ([*drøm-*, *gløm-*, *gjøm-*, *hør-*] osv.)

### Konsonantar

- i. Enkel vs dobbel *m*: sideforma [*gamal*] er det dobbelt så mange førekomstar av som hovudforma *gammal*. Same tendensen er det i søk på *gammal-/[gamal-]* som førsteleddet i samansetjingar. Formene *koma* og *kome* er også mykje meir frekvente enn dei tilsvarende formene med dobbel konsonant. I kontrast til dette står *sommar* og [*sumar*] der søka viser at hovudforma er nytta 5-6 gonger så ofte<sup>5</sup> som sideforma.
- ii. Enkel vs dobbel *t*: sjølv om det er få treff totalt, viser søkeresultata mine klår tendens til at formene med enkel konsonant dominerer.

### Anna

Bruken av *mogleg/mogeleg/[muleg]*: det er hhv. 63 og 73 treff på dei jamstelte formene *mogleg* og *mogeleg*, og 8 treff på sideforma [*muleg*].

Eg har dessutan undersøkt nærare nokre vekedagsnemningar, og funne ut at sjølv om eineformene *måndag* (85 treff), *tysdag* (70 treff) og *laurdag* (151 treff) er dominerande, er det likevel nokre innslag av formene *\*mandag* (13 treff), *\*tirsdag* (sju treff) og *\*lørdag* (fire treff).

### Delkonklusjon

Dette materialet viser også klår tendens til bruk av hovudformer. Dessutan er tendensen til bruk av det personlege pronomenet *vi* også heilt eintydig. Likevel er det nokre einskildresultat som står i kontrast til dette. Dette gjeld m.a. at det her ser ut til å vera ein viss bruk av kløyvd infinitiv, men det gjeld også bruken av sideformer som [*fylgje*] og [*gamal*].

<sup>5</sup> Usamansett *sommar* er i underkant av fem gonger så mykje nytta som [*sumar*], medan *sommar-* som første ledd i samansetjingar er 6,5 gonger meir frekvent enn [*sumar-*].

### 2.3.1.2 Tekstgjennomgang, *Bondebladet*:

#### Morfologi

##### Substantiv

Her er det ingen førekomstar av [-i]-endingar i bf.sg. av sterke femininum, [-or, -one]-endingar i pl. av svake femininum, eller [-a]-endingar i ubunden form sg. av svake femininum. Eit einskildtreff på nøytrumsforma *auga* som bf.pl. kastar ikkje særleg mykje lys over bruken av svake nøytrumssubstantiv.

##### Adjektiv

Eg fann ingen dokumentasjon på bruk av nøytrumsformer av adjektiv på *-en* i dette materialet.

##### Pronomen

Søket på personleg pronomen, 1. pers.pl. gav 21 treff på forma *vi* og tre treff på forma *me*. Søk på hovudforma *deira* gav eitt treff, medan sideforma [*deires*] ikkje fanst i materialet i det heile. Litt overraskande gav søket på *annan* ingen treff, medan søket på sideforma [*annen*] gav to treff. Hovudforma *nokon* var det to førekomstar av, medan [*noen*] er nytta tre gonger i dette materialet. Hovudforma *noko* var det fem førekomstar av, medan det var to førekomstar av sideforma [*noe*]. Materialet er lite, men det er likevel overraskande at me finn sideformene representerte. Dei er så å seia fråverande i andre delmateriale.

##### Verb

I materialet er det 49 *-e*-infinitivar og 33 *-a*-infinitivar. Det er totalt åtte treff på forma *vera*, og seks på forma *vere*. Tilhøvet mellom *seia* og *seie* er 3 : 2.

Materialet er for lite til at det er mogleg å trekkja konklusjonar når det gjeld preteritumsformer av svake verb. Det er likeeins så få treff på supinumsformer av svake verb med obligatorisk *-(d)de* i preteritum at det ikkje er mogleg å lesa nokon tendens ut av desse.

For supinum av sterke verb er det hovudforma *-e* som er i bruk (ni treff i materialet). Sideforma er ikkje brukt. Det same er tilfellet med passiv- og refleksivformene i materialet. Her ser det berre ut til å vera former med *-st* (åtte førekomstar). Kortformene av verba dominerer også i dette materialet, medan det for svake former av sterke verb er så få treff totalt at søket ikkje dokumenterer nokon tendens i det heile.

For former med eller utan *j* er materialet også for magert til at det er mogleg å lesa ut tendensar, men i høve til resultata frå søket i lokalavisene er det grunn til å merka seg at det er to førekomstar av sideforma [*sitte*] i materialet, og ingen av hovudforma *sitje*.

Når det gjeld bruken av verba *bli* og *verta*, ser det ut til at *Bondebladet* nyttar *bli-blir-blei-blitt*.

#### Fonologi

##### Vokalar: monoftongar

Materialet er så lite at det ikkje kan brukast til å lesa ut tydelege tendensar på særleg mange av undersøkingssområda. Berre dei punkta der eg har kunna registrera interessante funn, er nemnde under:

- i. *a – e*: det er fire treff på hovudforma *berre* og to på sideforma [*bare*].
- ii. *jo – y*: det er fire treff på forma *lys*, og ingen på *ljøs*.
- iii. *o – å*: hovudformene *no* og *så* tilnærma einerådande i materialet.

##### Vokalar: diftongar

- i. *ø – øy*: her er det ti treff på hovudforma *drøym-*, medan søk på sideforma [*drøm-*] berre gjev eitt treff. Motsett gjev søk på hovudforma *gløym-* berre eitt treff, medan tilsvarende søk på sideforma [*gløm-*] gjev heile fire treff. Dette er påfallande i forhold til at søket på [*gløm-*] i lokalavismaterialet berre gav eitt treff, og at søket i BT ikkje gav treff på [*gløm-*] i det heile. Søket på *høyr-* gjev to treff, medan søket på [*hør-*] gjev

fire treff. Her ser me nok ein tydeleg tendens til at Bondebladet nyttar monoftongar, men dei kan ikkje gjera det konsekvent, ettersom søk på *drøym-* gjev såpass mange treff.

### Konsonantar

- i. Enkel vs dobbel *m*: her er det for få førekomstar til at det er mogleg å peika på tendensar.
- ii. Enkel vs dobbel *t*: i materialet er det tre treff på forma *kjøtt*.

### Delkonklusjon

Det er vanskeleg å trekkja konklusjonar ut frå eit så lite materiale, men den høge frekvensen i bruken av sideformer innanfor mange av kategoriane er overraskande. Dette gjeld t.d. pronomenbruken, der både [*enten*], [*noen*] og [*noe*] er registrert. Det gjeld også mange av formvala som kjem til uttrykk i fonologi-delen av undersøkinga. Tendensane i Bondebladsmaterialet skil seg altså tydeleg frå hovudtendensen i det undersøkte materialet elles.

#### 2.3.1.3 Tekstgjennomgang, *Bergens Tidende*:

Sidan denne delundersøkinga berre omfattar ei einskildavis, skulle ein i utgangspunktet forventa at variasjonen i formbruken her var mindre enn variasjonen i eit samla søk på lokalaviser. BT-materialet er samstundes så omfattande at resultatata som kan lesast ut frå det, blir sikrare enn delresultata frå søk i andre og mindre materialsamlingar.

### Morfologi

#### Substantiv

Det er 25 førekomstar av sterke femininum bunden form sg. med [-*i*]-endingar i dette materialet. Samstundes er det 7.409 førekomstar av femininum med -*a*-ending i bunden form sg. Som i andre delmateriale som er søkte på elektronisk, må me jo også her rekna med at mange av treffa er svake femininum i bunden form, men som eg kommenterte under pkt. 2.3.1.1 kan ein ha som grovt utgangspunkt ei 50:50-fordeling. Også her vil det vera overflødig å finrekna, fordi hovudformene av dei sterke feminina openbert dominerer så massivt.

I søka er det åtte førekomstar av bruk av [-*or*]- og fem av [-*one*]-endingar i pl. av svake femininum. Søk på -*er* og -*ene* ville ikkje gitt brukbare resultat, fordi eg då også hadde fått med pluralisformer av dei sterke feminina. Søk på hovudformene av einskildorda som førekjem med sideform [-*or*, -*one*] viser at bruken av sideformene er heilt marginal.

Det same gjeld endinga -*a* i ubunden form sg. av svake femininum. I heile materialet er det eitt treff, samstundes som det er 709 treff på bruken av hovudforma -*e*.

For nøytrumssubstantiva ser det ut til at bruken av ub.sg. *auge* (15 treff) dominerer over bruken av *auga* (tre treff). Det same gjeld ub.pl., der *auge* er nytta 10 gonger, medan *augo* er nytta tre gonger. Det er også fire førekomstar av forma \**auger*. I bf.pl. er det motsette tilfellet, sjølv om tala her er jamnare. Her er det sju treff på *auga*, og 11 treff på *augo*. Same tendensen kan ein sjå i bf.pl. av *øyre*, der forma *øyro* er nytta seks gonger, medan forma *øyra* berre er nytta ein gong. Forma \**øyrene* er det fem førekomstar av. Forma *hjarte* er nytta dobbelt så mykje i dette materialet som forma *hjarta* i ub.sg., men her er dei totale tala så låge at me ikkje kan leggja avgjerande vekt på forholdstala. Om me held desse resultatata saman med resultat frå andre delundersøkingar, er nok ein generell tendens at dei to jamstelte bøyingsmønsterar blir blanda saman. I denne kategorien finst det dessutan høg frekvens i bruken av former som ikkje høyrer med innanfor nynorsknorma.

#### Adjektiv

Nøytrumsformene av adjektiv på -*en*: søket på nøytrumsformene av *open* viser 29 førekomstar av den jamstelte forma *ope*, og ein førekomst av sideforma [*opent*]. Det er elles tre førekomstar av forma [*kristent*], og to treff på forma *vake*. Dermed er tendensen den same som i dei andre delmateriala på dette punktet.

## Pronomen

Søk på personleg pronomen, 1. pers.pl. gav 88 treff på *vi* og 17 treff på *me*. Søk på hovudforma *deira* gav 103 treff, medan sideforma [*deires*] ikkje fanst i materialet i det heile. Det same viste seg i søket på *annan*, *anna* og dei tilhøyrande sideformene. Også for *nokon* er resultatet at hovudformene er totalt dominerande. Her må det særleg kommenterast at søket på [*nokor*] ikkje gav treff i det heile.

## Verb

Søk på infinitivar med *-e* gav 4.514 treff, medan søk på infinitivar med *-a* gav 7.026 treff<sup>6</sup>. Fordelinga av verbformene viser at det er dobbelt så mange treff på *vera* som på *vere*, tre gonger så mange *koma* som *kome*, og 2,5 gonger så mange *gjera* som *gjere*. Det er også om lag 2,5 gonger så mange førekomstar av *leggja* som av *leggje*, men samstundes mest dobbelt så mange treff på *kunne* som på *kunna*. Infinitivane i delundersøkinga av verbformer med og utan *j* er også med på å stadfesta tendensen til bruk av *a*-infinitivar i dette materialet (jf tabell 6).

I undersøkinga av preteritumsformer viser også dette materialet klår tendens til bruk av hovudformer med *-de*. Men sideformene med [*-te*] blir likevel litt brukte, sjølv om frekvensen endrar seg frå einskildord til einskildord. Det mest påfallande er sideforma [*ringte*], som faktisk er å finna sju gonger i tekstmaterialet, medan hovudforma *ringde* er nytta fem gonger. Påfallande er det også at forma *bestemde* ikkje finst her i det heile, medan *bestemte* er nytta 15 gonger. Bruken av dei jamstelte formene *førde* og *førte* er nokså jamn, med hhv. 35 og 26 førekomstar.

For supinum av svake verb med obl. *-(d)de* i preteritum er tendensen også i BT-materialet at formene med *-(d)d* er einerådande eller fullstendig dominerande.

Undersøkinga av supinumformene av sterke verb viser at *-e* er fullstendig dominerande. Søka mine gjev 1.740 førekomstar av supinum med *-e*, medan det berre er fire treff på supinumsformer med *-i* i materialet. Passiv- og refleksivformer med *-st* er også einerådande.

Kortformer av verb, *ta*, *gje/gi* og *ha* er totalt dominerande. I dette materialet er også kortforma *la* godt representert (42 førekomstar), medan langforma *lata/-e* er nytta 17 gonger.

Svake former av sterke verb: i dette materialet er *gitt* med 77 førekomstar nytta litt meir enn *gjeve* med 53 førekomstar. Hovudforma *teke* blir nytta tre gonger så mykje som sideforma [*tatt*]. Det er tre treff på hovudforma *late* og to på sideforma [*latt*].

I søket på verbformer med eller utan *j*, har eg også her teke utgangspunkt i *Nynorsk frekvensordbok* for å finna former å søka på. Resultata står oppførte i **tabell 6**:

Med <i>j</i>	Utan <i>j</i>
<i>leggja/-e</i> : 111 + 47 treff = 157 treff	[ <i>legga/-e</i> ]: 46 + 8 treff = 54 treff
<i>setja/-e</i> : 113 + 34 treff = 147 treff	[ <i>setta/-e</i> ]: 3 + 13 treff = 16 treff
<i>liggja/-e</i> : 20 + 10 treff = 30 treff	[ <i>ligga/-e</i> ]: 2 + 6 treff = 8 treff
<i>tenkja/-e</i> : 54 + 15 treff = 69 treff	[ <i>tenka/-e</i> ]: 9 + 9 treff = 18 treff
<i>sitja/-e</i> : 19 + 7 treff = 26 treff	[ <i>sitta/-e</i> ]: 1 + 2 treff = 3 treff
<i>byggja/-e</i> : 87 + 27 treff = 114 treff	[ <i>bygga/-e</i> ]: 2 + 16 treff = 18 treff
<i>søkja/-e</i> : 24 + 8 treff = 32 treff	[ <i>søka/-e</i> ]: 2 + 7 treff = 9 treff
<i>trekkja/-e</i> : 8 + 7 treff = 15 treff	[ <i>trekka/-e</i> ]: 11 + 7 treff = 16 treff

Me kan sjå her at hovudformene med *j* er mykje meir brukte enn sideformene utan *j*, med unntak av formene *trekkja/-e* og [*trekka/-e*], der hovudform og sideform er likt representerte. Likevel er det fleire treff på sideformer i denne kategorien enn på sideformer i andre kategoriar.

Undersøkinga av *verta/-e* og *bli* viser tydeleg at infinitivsforma *bli* er mest nytta (711 treff mot 98 treff for *verta/-e*). Bruken av presensforma *blir* er omtrent det doble som bruken av

<sup>6</sup> Her er førekomstane av infinitivane *gje*, *skje*, *be*, *tre* og *le* trekte frå, samt førekomstane av *ha*, *ta* og *la*. Talet på *-a*-infinitivar er nok likevel litt oppblåst, etter som det ikkje er mogleg å definera samansetjingar med *-ta* ut av søket.

presensforma *vert*. I preteritum er det sterk overvekt av *vart*. Denne forma er seks gonger så frekvent som preteritumsforma *blei*. Samstundes er *blitt* fire gonger så mykje brukt som *vorte*.

## Fonologi

### Vokalar: monoftongar

- i. *a – e*: det er dobbelt så mange treff på hovudforma *anten* som på sideforma [*enten*]. Hovudforma *berre* er fullstendig dominerande, med 932 førekomstar mot 18 førekomstar av sideforma [*bare*].
- ii. *e – i*: *vita/-e* er det til saman 85 treff på i materialet, medan *veta/-e* berre er nytta fire gonger. Formene *vit* og *vett* er nokså likt representerte, med hhv. tre og fire førekomstar.
- iii. *e – ø*: hovudforma *gjera/-e* er heilt dominerande, med 350 treff. Det er til samanlikning ni treff på sideforma [*gjøre*].
- iv. *jo – y*: interessant er det her å sjå at forma *lys* er så godt som einerådande, med 54 treff i materialet. Forma *ljøs* er berre nytta fire gonger.
- v. *o – u*: her er *skule* i usamansett bruk om lag 1,5 gonger meir frekvent enn *skole*. Som første ledd i samansetjingar er *skule-* mest 2,5 gonger så mykje brukt som *skole-*. Her er i tillegg tala såpass store at forholdstala nok kan tilleggjast litt vekt.
- vi. *o – å*: her som i andre delundersøkingar, er hovudforma *no* svært mykje meir nytta enn sideforma [*nå*] (med 1.107 mot 134 treff, eit forhold på om lag 8 : 1). Men likevel viser resultatane tydeleg at sideforma [*nå*] er mykje meir nytta enn sideforma [*so*], som det berre er 35 treff på i basen. Til samanlikning er det 1.633 treff på hovudforma *så*. Det er dessutan 15 førekomstar av hovudforma *tola/-e*, og seks av sideforma [*tåla/-e*].
- vii. *u – y*: *skuld* er mykje meir frekvent enn *skyld*, både usamansett og som førsteleddet i samansetjingar. Det er 10 treff på forma *lukke*, mot berre to treff på *lykke*. Samansetjinga *lukkeleg* er det fem førekomstar av i materialet, mot tre førekomstar av *lykkeleg*. Her er det totale talet på treff så lågt at det ikkje vil gje meining å setja opp forholdstal.
- viii. *u – ø*: det er 81 førekomstar av forma *søndag* og 46 av forma *sundag*.
- ix. *y – ø*: hovudforma *følgje* er mykje meir nytta enn sideforma med *y*. Av dei jamstelte formene *fyrst* og *først* er forma med *ø* nytta meir enn ti gonger så mykje som forma med *y*. Sideformene [*løft*] og [*søster*] er også meir frekvente enn hovudformene med *y*, medan dei jamstelte formene *ynskje* og *ønskje* skil seg ut ved at forma med *y* får 19 treff, medan forma med *ø* berre finst åtte gonger i materialet. Alt i alt er det likevel ein tydeleg tendens til at formene med *ø* dominerer, både når dei er hovudformer, når formene er jamstelte, og når dei er sideformer.

### Vokalar: diftongar

- i. *au – ø*: her dominerer formene med diftong. Det er 19 førekomstar av hovudforma *straum*, og ingen av sideforma med monoftong. Det er sju førekomstar av forma *naud*, mot to av *nød*. Det er ingen treff på formene *\*høst* og *\*øst*, som me finn døme på i andre delmateriale.
- ii. *ø – øy*: formene med diftong er totalt dominerande.

### Konsonantar

- i. Enkel vs dobbel *m*: bruken av *koma/-e* er svært mykje større enn bruken av *komma/-e*. Også bruken av sideforma [*gamal*] med enkel konsonant er ørlite større enn bruken av hovudforma med dobbel konsonant. Dette gjeld både i usamansett form og når ordet står som førsteledd i samansetjingar. Motsett er bruken av hovudforma *sommar* med dobbel konsonant mykje meir utbreidd enn sideforma med enkel konsonant.
- ii. Enkel vs dobbel *t*: her er formene med enkel konsonant heilt dominerande for alle søkeorda (*brot*, *kjøtt*, *skot*).

## Anna

Bruken av *mogleg/mogeleg*/[*muleg*]: det er 47 førekomstar av forma *mogleg* og 69 av forma *mogeleg*. Sideforma [*muleg*] er det 14 førekomstar av.

Eg har undersøkt vekedagsnemingar litt nærare også i dette delmaterialet. Sjølv om eineformene *måndag* (73 treff), *tysdag* (55 treff) og *laurdag* (119 treff) er dominerande, er det likevel nokre innslag av formene *\*mandag* (11 treff), *\*tirsdag* (4 treff) og *\*lørdag* (5 treff).

## Delkonklusjon

I motsetnad til ein del andre av delmateriala står *a*-infinitiven sterkt i BT-materialet. Men også dette materialet viser sterk konsentrasjon om hovudformene og nokre utvalde jamstelte former. Unntaka her er sideformer med *ø* ([*søster*, *løft*]), og sideforma [*gamal*] med enkel konsonant.

### 2.3.2 Norsk Tekstarkiv: nynorske aviser

Eit problem i arbeidet med denne basen er at det er ein god del innslag av bokmålstekst i sjølve nynorskbasen. I store kvantitative søk som dei eg har gjort i dette materialet, seier det seg sjølv at det er umogleg å undersøka konteksten til alle einskildførekomstane av former eg søker på. Tala kan altså vera litt forteikna, fordi bokmålsformene som er identiske med sideformer i nynorsken, berre kan oppdagast ved å undersøka konteksten dei står i. Basen til Norsk Tekstarkiv er også bygd opp annleis enn basen til Tekstlaboratoriet. Det er ikkje mogleg å spesifisera søka like presist i basen til Tekstarkivet. Difor har mange av søka blitt gjorde med utgangspunkt i eit utval former henta frå *Nynorsk frekvensordbok*.

Eit anna problem med denne basen er at ein god del oppføringar kjem att fleire gonger. Døme: i søket på forma *skyld* er det totalt 13 treff. To av desse treffa er utan tvil bokmålsformer, medan tre andre oppføringar er heilt identiske; “Han tar på seg all skyld” (SA 000927). Her er det umogleg å avgjera om me har med nynorsk- eller bokmålstekst å gjera. Uansett vil resultatet bli forteikna, ettersom dette blir registrert som tre treff, medan det i realiteten ser ut til å berre vera eitt.

## Morfologi

### Substantiv

Det er til saman berre fire førekomstar av [*i*]-endingar i bf.sg. av sterke femininum i dette materialet. Eitt treff på forma *verdi* mot 479 treff på forma *verda* viser tilhøvet mellom bruken av hovudforma og sideforma. Tendensen i dei andre søka eg har gjort her, går også heilt klårt i retning av bruk av hovudforma.

Det er ikkje eitt einaste treff på pluralisformer av svake femininum med [*-or*, *-one*]-endingar<sup>7</sup>. Heller ikkje sideformer med [*-a*] i ubunden form sg. av svake femininum er det treff på.

Bruken av nøytrumssubstantivet *auge* viser at ubunden form sg. *auge* med 15 treff i basen er nytta dobbelt så mykje som *auga*, som det er sju førekomstar av. I bunden form sg. er det seks førekomstar av forma *auget*, medan det er 15 førekomstar av forma *auga*. I ubunden form pl. er det også den vanlege nøytrumsbøyinga *auge* som dominerer (33 førekomstar), medan det er 14 førekomstar av forma *augo*. Motsett er det med bunden form pl. Her er det 19 førekomstar av forma *auga*, medan det er 36 førekomstar av *augo*. Resultata her tyder nok på at dei to bøyingsparadigma for ordet *auge* blir blanda saman. Dette er også med på å stadfesta tendensen i andre delmateriale. For orda *øyre* og *hjarde* er talet på treff så lite at det er vanskeleg å finna tydelege tendensar.

### Adjektiv

Nøytrumsformene av adjektiv på *-en*: også her viser det seg at hovudforma *ope* er totalt dominerande, med 88 treff mot fem treff på sideforma [*opent*]. Også her peiker forma

<sup>7</sup> Eitt treff på forma *sidor* kom opp, men det viste seg å vera ein del av eit sitat på svensk. Her må det likevel leggjast til at det berre er søkt på nokre utvalde former, og ikkje på samtlige svake femininum i pluralis.

[*kristent*] seg ut med så mange som 11 førekomstar. Det er i tillegg fire treff på forma [*nakent*], mot ein førekomst av *nake*, og det er fire treff på forma [*vakent*]. Den jamstelte *-i*-nøytrumsforma (*opi, naki*) er også her heilt fråverande.

### Pronomen

Under dette søket på personleg pronomen, 1. pers.pl. er det 6.373 treff på *vi* og 5.151 treff på *me*. Dette er ein annan tendens enn den som har komme til uttrykk i dei andre søka i ulike avismateriale, der *vi* dominerer.

Hovudforma *deira* finst det 491 førekomstar av i materialet, medan sideforma [*deires*] ikkje er representert. Hovudformene *annan* og *anna* er også heilt dominerande.

Søket på *nokon* viser at hovudformene står sterkt. Det er likevel påfallande mange treff på sideformene [*noen*] og [*noe*]. Dette har truleg med å gjera at det er ein del bokmålstekst som har “snike seg inn” i materialet. Det bør også kommenterast at forma [*nokor*] ikkje blir nytta i særleg grad. I denne store basen er det eitt treff på forma, mot 58 treff på forma *noka*.

### Verb

Tala frå undersøkinga mi viser at det er ein overvekt av *a*-infinitivar i materialet. Dette gjeld både jamvektsinfinitivar og overvektsinfinitivar. For dei største forekomstane er det vanskeleg å kontrollera materialet nærare. Søket mitt på inf. *gjøre* viste at 51 av dei 59 treffa eg fekk opp, var på bokmål. Dermed må me mistenka at ein god del av dei andre resultatata også kan vera forteikna.

Når det gjeld preteritumsformer, er tala litt annleis her enn i dei andre delmateriala. Her vil jo ein del av sideformene vera identiske med bokmålsformer. Sidan innslag av bokmål har vore eit problem i andre søk i denne basen, må ein nok rekna med at bokmålsinnslag påverkar søkeresultatata også her. Nokre av resultatata er presenterte i **tabell 7**:

<b>-de</b>	<b>-te</b>
<i>hørde</i> : 69 treff	[ <i>høyrt</i> ]: 16 treff
<i>spurde</i> : 64 treff	[ <i>spurt</i> ]: 51 treff
<i>kjende</i> : 203 treff	[ <i>kjent</i> ]: 53 treff
<i>ringde</i> : 23 treff	[ <i>ringt</i> ]: 25 treff
<i>sende</i> : 52 treff	[ <i>sendt</i> ]: 44 treff
<i>valde</i> : 110 treff	[ <i>valte</i> ]: 23 treff
<i>bestemde</i> : ingen treff	<i>bestemt</i> : 90 treff
<i>førde</i> : 16 treff	<i>ført</i> : 133 treff

Tabellen viser at det er ein større del av preteritumane som har sideforma [*-te*] her enn i andre delundersøkingar, jf. t.d. lokalavissøket i basen til Tekstlaboratoriet.

I supinum av sterke verb er det også her *-e*-endingane som dominerer fullstendig. Passiv- og refleksivformene er med *-st*, så i begge undersøkingane er det altså hovudformene som viser seg å bli nytta.

Kortformene av verb som *gje/gi, ta, ha* og *la* er også så godt som einerådande. Langforma *lata/-e* er det 18 førekomstar av i materialet, men til samanlikning er det 695 treff på kortforma *la*. For dei andre undersøkte verba går forholdstala endå meir i favør av kortformene.

Søk på den svake forma *tatt* gav 486 treff. Til samanlikning var det 357 treff på *teke*. Forma *gitt* var det 717 treff på i basen, medan søk på forma *gjeve* gav 135 treff. Dette står også litt i kontrast til dei andre delundersøkingane.

I undersøkinga av former av verb med eller utan *j*, har eg søkt trunkert (*tenkj.\** = 458 treff, *tenke.\** = 115 treff, *tenka* = 58 treff). Resultata viser at formene med *j* er mykje meir frekvente enn formene utan *j*. Her er resultatata meir i samsvar med resultatata frå andre delundersøkingar.

Fordelinga av former av *bli* og *verta/-e* viser at formene *bli-blir-vart-blitt* er dei mest nytta. Forma *bli* er nytta oml. 16 gonger så mykje som *verta/-e, blitt* er nytta mest åtte gonger så mykje som *vorte/-i, blir* er om lag fem gonger så frekvent som *vert*. Til samanlikning er preteritumsforma *vart* berre nytta 1,3 gonger så mykje som preteritumsforma *blei*. Her skilde jo elles *Bondebladet* seg ut, men i dei andre delmateriala peiker preteritumsforma *vart* seg heilt tydeleg ut som den suverent mest brukte.

## Fonologi

### Vokalar: monoftongar

- i. *a – e*: hovudformene *anten* og *berre* dominerer, men igjen ikkje så sterkt som i dei andre undersøkingane av avismateriale. I BT-materialet var forholdstalet mellom hovudforma *berre* og sideforma [*bare*] 52 : 1, og i lokalavismaterialet var det 23 : 1. I Tekstarkiv-materialet er forholdstalet i underkant av to til ein. Det verkar litt for påfallande at tendensane skal vera så avstikkande for dette materialet. Før ein kan godkjenne resultatane her, bør nok førekomstane undersøkast i kontekst. Me har i andre materiale også sett at [*enten*] har oppnådd høgare frekvens enn [*bare*]. Her viser forholdstala at hovudforma *anten* blir brukt berre 1,5 gonger så ofte som sideforma.
- ii. *e – i*: *vita/-e* er det 268 teff på i basen, medan det til saman finst fire treff på *veta/-e*. Det er 26 treff på *vett*, mot tre treff på forma *vet*.
- iii. *e – ø*: hovudforma *gjera/-e* er totalt dominerande, med til saman 1.715 førekomstar. Det er åtte treff på sideforma [*gjøre*].
- iv. *jo – y*: her er forma *lys* fullstendig dominerande, med 210 førekomstar. Forma *ljøs* er det berre tre førekomstar av.
- v. *o – u*: usamansett *skule* er om lag dobbelt så mykje brukt som *skole*, medan *skule-* som førsteledd i samansetjingar er nytta om lag 1,6 gonger så mykje som *skole-*.
- vi. *o – å*: søk på hovudforma *no* gav 2094 treff, medan tilsvarende søk på sideforma [*nå*] gav 3.000 treff! Dette er såpass avvikande og oppsiktsvekkjande resultat at eg undersøkte litt nærare. Det tek for mykje tid å undersøka konteksten til kvart treff i basen på forma [*nå*], men eg utførte ein enkel test for å undersøka stoda litt nærare. Ved søk på eintydige bokmålsformer som *en* og *ikke* i søkeresultatet for forma [*nå*] i kontekst, viste begge desse formene seg å vera ganske godt representerte. Søk på hovudforma *så* gav 5.564 førekomstar, medan søk på sideforma [*so*] gav 32 treff.
- vii. *u – y*: det er 61 førekomstar av forma *skuld* og 11 av forma *skyld*, 43 førekomstar av *lukke* og 33 av *lykke*, medan det er nøyaktig like mange treff på formene *lukkeleg* og *lykkeleg*.
- viii. *u – ø*: forma *søndag* er her mellom fem og seks gonger så frekvent som forma *sundag*.
- ix. *y – ø*: formene med *ø* dominerer, både i dei tilfella der dei er hovudformer, der dei er jamstelte former og der dei er sideformer. Det er t.d. 324 førekomstar av hovudforma *følgje*, medan det berre er 13 treff på sideforma [*fylgje*]. Det er samstundes så mange som 78 førekomstar av forma *følge*<sup>8</sup>. Hovudforma *syster* er det berre to treff på, medan det er 14 førekomstar av sideforma [*søster*]. Når treff i bokmålstekst og repetisjonar av same sekvensen er trekte frå her, sit me att med åtte treff på sideforma.

### Vokalar: diftongar

- i. *au – ø*: av dei jamstelte formene *naud* og *nød* er det 13 førekomstar av forma med diftong, og tre av forma med monoftong. Hovudforma *straum* finst det 48 treff på i basen, medan sideforma [*strøm*] er nytta 20 gonger. Forma *\*høst* er det faktisk ni treff på, men eineforma *haust* er til samanlikning nytta 275 gonger.
- ii. *ø – øy*: hovudformene med diftong er heilt dominerande også i dette materialet.

### Konsonantar

- i. Enkel vs dobbel *m*: hovudforma *gammal* og sideforma [*gamal*] er overraskande jamt representerte i dette materialet. Dette er same tendensen som i BT-materialet. Av dei jamstelte formene *koma/-e* og *komma/-e* er forma med enkel konsonant mest nytta. Hovudforma *sommar* er totalt dominerande, både som simpleks og som førsteleddet i samansetjingar.
- ii. Enkel vs dobbel *t*: her er formene med enkel konsonant einerådande (for *brot* og *skot*) eller totalt dominerande (for *kjøtt*).

---

<sup>8</sup> Ved nærare gjennomgang av treffa viser det seg at så mange som 13 av desse er bokmålsformer i bokmålstekst. Av dei resterande 65 treffa på *følge* er det tilfelle av så mange som åtte identiske repetisjonar av same sekvensen. Dermed reflekterer ikkje desse tala røynda på nokon god måte.



## Anna

Bruken av *mogleg/mogeleg*/[*muleg*]: *mogleg* er nytta om lag fire gonger så mykje som *mogeleg*. Sideforma [*muleg*] er det berre nokre få treff på.

Observasjonar i andre delar av undersøkingsmaterialet fekk meg dessutan til å undersøka nærare bruken av vekedagsnemningane. Materialet viser alt at *søndag* er mykje meir frekvent enn *sundag*. I tillegg viser det seg at det er så mange som 62 førekomstar av forma *\*lørdag*, mot 146 førekomstar av eineforma *laurdag*. Det er 205 treff på eineforma *måndag*, og 16 på *\*mandag*, 168 treff på eineforma *tysdag* og 63 treff på *\*tirsdag*.

## Delkonklusjon

Det er knytt ein god del usikkerheit til tala i dette delmaterialet. Nærare undersøkingar av formene i kontekst viser både at det dukkar opp ein god del bokmålstekst, og at dei same tekstsekvensane kan vera repeterte mange gonger. På nokre område ser me likevel dei same tendensane i dette delmaterialet som i andre delmateriale.

## 2.4 Manuelt ekserpert avismateriale

I denne delundersøkinga har eg undersøkt formbruken i 11 ulike regional- og lokalaviser. I presentasjonen av resultatata legg eg alt fram samla, og kommenterer spesielt punkt der det er tydelege skilje mellom avisene, anten skilja er regionsvise eller det er einskildaviser som peiker seg ut. Dei undersøkingane eg har gjort her, er sjølvstøtt ikkje kvantitative, så her må resultatata presenterast annleis enn for dei store mendingssøka i tekstbasane.

Eg har berre ekserpert og analysert former eg har funne i redaksjonelt materiale. Ingen kronikkar eller lesarinnlegg er tekne med her. I utgangspunktet var utvalet av aviser større, men nokre av dei avisene eg hadde valt ut og kjøpt inn, viste seg ikkje å innehalda nynorsk tekst i det heile. Undersøkinga er dessutan gjort midt på sommaren, så sidetalet og tekstmengda i avisene er lågt. Dette blir difor mest ein smakebit på kva slag mangfald eller einsretting ein kan møta i formbruken i eit tilfeldig utval publikasjonar på ein tilfeldig dato.

Intensjonen var å få best mogleg geografisk spreiding på dei utvalde publikasjonane. Likevel er Noreg nord for Møre- og Romsdal ikkje representert, fordi det ikkje var mogleg å finna aviser frå Sør-Trøndelag og nordover som inneheldt redaksjonelt materiale på nynorsk.

Det er ikkje oppgåva mi å kartleggja feiltypar, men nokre av artiklane inneheld former som ligg utanfor nynorskrettskrivinga. I ganske mange tilfelle ser desse ut til å vera tilfelle av bokmålsinterferens.

## Morfologi

### Substantiv

For svake femininum, ubunden form sg. og ubunden og bunden form pl. blir det i samtlege aviser berre nytta hovudformer. Det same gjeld for bunden form sg. av sterke femininum. Her er det eitt unntak; bf. *olja* i *Stavanger Aftenblad*. Dette er ei dialektform som blir mykje nytta i skrift i denne regionen, og ho ser elles ikkje ut til å ha innverknad på formvalet til avisa.

Tekstutvalet er relativt lite, og frekvensen av dei undersøkte orda *auge*, *hjarde* og *øyre* er låg innanfor denne sjangeren. Dei funna eg likevel har gjort, er av substantiva *auge* og *hjarde*. I bf.sg. ser det ut til at formene med *-a* dominerer (*auga*, *hjarta*, *øyra*). I tillegg er det i eit tilfelle brukt *-et* (*auget*). Det er ingen funn av dei undersøkte orda i ub.pl., og berre eitt (*\*augene*) i bf.pl.

### Adjektiv

Nøytrumsformer av adjektiv på *-en* var vanskelege å finna i avismaterialet. Dei fem avisene eg har gjort funn i, nyttar alle hovudforma *-e* (*ope*).

### Pronomen

Når det gjeld personleg pronomen, 1. pers.pl., var ikkje uventa variasjonen større. Av avisene i vest nytta både *Sunnmørsposten*, *Firda* og *Bergens Tidende* forma *vi*. *Hordaland* nytta *me*, medan *Sogn Avis* hadde begge formene representerte. *Stavanger Aftenblad* nytta forma *me*,

medan eg i *Jærbladet* fann begge formene på redaksjonell plass. I aust nytta både *Telemarksavisa*, *Varden* og *Hallingdølen* forma *me*, medan avisa *Valdres* nytta *vi*.

Hovudforma *deira* fann eg i tre av avisene i undersøkingsmaterialet. Sideforma [*deires*] var ikkje representert i det heile. Også for pron. *annan* og *noko* var det berre hovudformer som var i bruk.

## Verb

På punktet som gjeld infinitivar, viste stoda seg å vera ganske uoversikteleg. Fem av avisene ser ikkje ut til å ha teke noka redaksjonell avgjerd på dette punktet. Det er i desse fem avisene eg også finn eksempel på vilkårleg blanding av *a*- og *e*-infinitivar internt i artiklane (*Bergens Tidende*, *Sogn Avis*, *Hallingdølen*, *Telemarksavisa* og *Valdres*). Tre aviser ser ut til å bruka *a*-infinitivar (*Hordaland*, *Jærbladet* og *Stavanger Aftenblad*), to nyttar *e*-infinitivar (*Firda* og *Sunnmørsposten*) medan ei avis praktiserer kløyvd infinitiv (*Varden*). Her er det likevel viktig å minna om at tekstmengda frå nokre av desse avisene er lita, og at resultatane nok kunne sett annleis ut om tekstvolumet hadde blitt auka.

Når det gjeld preteritumsformer, er det generelt få av desse i materialet. Det har nok først og fremst samband med sjangeren. Artiklane i to av avisene eg ekserperte, inneheldt ikkje preteritumsformer av *e*- og *j*-verb i det heile. Fem av avisene heldt seg stort sett til hovudformer med *-de*, medan dei fire siste avisene nytta både hovud- og sideformer.

Mengda av supinumsformer av svake verb med obl. *-(d)de* i pret. var heller ikkje stor i materialet. Funna eg gjorde, viser likevel at formene med *-(d)d* er tilnærma einerådande. To av avisene fann eg ingen døme i, åtte andre nytta berre *-(d)d*-former, medan den siste inneheldt både *greidd* og *greitt*. Ut frå at *-dd* og *-tt* eller *-dt* er jamstelte former, og likeeins *-d* og *-t* er jamstelte former i supinum av desse verba, er vel dette med på å stadfesta tendensen til at den faktiske formvariasjonen i denne typen publisert nynorsk tekst er relativt liten.

I supinum av sterke verb er det berre *-e* som blir nytta. Formene med *-i* er jamstelte, men blir altså ikkje brukte. Passiv- og refleksivformer med *-st* er også så godt som einerådande. I ein av dei 17 artiklane frå *Hallingdølen* har eg funne bruk av [*-s*].

Kortformer av verb ser også i dette materialet ut til å bli meir brukt enn tilsvarande langformer. Eg har funne døme på kortformene *ta*, *gje/gi*, *dra* og *la*, men også på langformene *lata/-e* og *draga/-e*. Sjølv om både kort- og langformer er representerte, er det altså likevel slik at kortformene dominerer i tal.

Svake former av sterke verb: på dette punktet er mangfaldet overraskande stort. Det er ein god del døme på bruk av svake former som *gitt* og *tatt*. Samstundes finn eg overraskande nok både *gjeve* (like mykje brukt som *gitt*), *teke* (like mykje brukt som *tatt*), *drege* og *slege*. Dessutan ser det ut til at ein del skrivarar har problem med å velja mellom formene *tatt* og *teke*. Fleire artiklar i ulike aviser inneheld begge desse formene. Her må eg også kommentera at ein av tekstane i *Firda* inneheld fleire innslag av presensforma *\*veljer*, som altså framstår som ei svak bøying. Svake presensformer av sterke verb, typen [*kjemer*], ser ikkje ut til å vera representerte i dette materialet i det heile.

Resultata frå ekserperinga av verbformer med eller utan *j* viser at fem av avisene konsekvent valde former med *j* (*Hordaland*, *Jærbladet*, *Stavanger Aftenblad*, *Telemarksavisa*, *Valdres*). Ei av avisene (*Varden*) inneheldt berre former utan *j*, medan fem aviser hadde både former med og utan *j* representerte (BT og *Firda* nytta hovudsakleg former med *j*). Også på dette punktet skal det presiserast at tekstmengda er ulik frå avis til avis, og at lite tekst nok gjev meir eintydige resultat enn relativt mykje meir tekst vil gje.

Når det gjeld bruken av *bli* eller *verta/-e* er det stor variasjon internt i avisene. I åtte av avisene blir både former av *bli* og *verta* nytta, og i ein del tilfelle finn ein både *blir* og *vert* eller *blei* og *vart* i same artikkelen. Tre av avisene peiker seg ut. I *Stavanger Aftenblad* er tendensen heilt eintydig *bli-vert-vart-blitt*, og i *Varden* er tendensen like eintydig *bli-blei-blitt*. Men stoffmengda frå desse to avisene er så lita at det er grunn til å tru biletet ville blitt meir samansett med fleire artiklar i utvalet. I tillegg peiker *Telemarksavisa* seg ut. Her blir det stort sett berre nytta former av *bli* i artiklane eg har ekserpert.

## Fonologi

### Vokalar: monoftongar

- i. *a – e*: hovudformene *anten* og *berre* er dominerande, men i to av avisene har eg også gjort funn av sideformer. I *Jærbladet* fann eg bruk av både [*bare*] (ved sida av hovudforma *berre*) og [*enten*], og i TA fann eg bruk av [*bare*] i tre av dei ekserperte artiklane.
- ii. *e – i*: *vita/-e* er nytta i fleire av avisene. Det er ingen bruk av former med *e*.
- iii. *e – ø*: hovudforma *gjera/-e* er brukt i ein god del av avisene, medan det ikkje finst døme på bruk av sideforma.
- iv. *jo – y*: formene *ljøs* og *lys* er det gjort funn av i ei avis kvar.
- v. *o – u*: i dei åtte avisene som bruker ordet, er den jamstelte forma *skule* einerådande. Dette resultatet er i samsvar med resultatata frå elevtekstundersøkingane, der tendensen til bruk av *skule* også er svært sterk. Ei avis nyttar i tillegg sideforma [*sumar*].
- vi. *o – å*: sju av avisene nyttar berre hovudformene *no* og *så*. Både hovudforma *no* og sideforma [*nå*] blir nytta på redaksjonell plass i *Sunnmørsposten*, *Jærbladet* og *Telemarksavisa*. *Varden* nyttar berre sideforma [*nå*]. Ingen av avisene nyttar sideforma [*so*].
- vii. *u – y*: *Firda*, *Hallingdølen* og *Varden* nyttar forma *lykke*, medan *Hordaland*, *Sogn Avis* og *Sunnmørsposten* har forma *lukke*. I *Telemarksavisa* finst det døme på bruk av både former med *u* og *y*.
- viii. *u – ø*: tre aviser (*Varden*, *Valdres* og *Firda*) nyttar forma *søndag*, medan to aviser (*Hordaland* og *Hallingdølen*) nyttar forma *sundag*. *Valdres* nyttar samstundes sideforma [*turre*], medan *Sunnmørsposten* nyttar hovudforma *tørr*.
- ix. *y – ø*: i tre av avisene (SMP, *Firda* og BT) finn eg berre former med ø, medan to av avisene (*Varden* og *Valdres*) berre nyttar former med *y*. I dei andre avisene er det større variasjon, og nokre av dei (t.d. *Hallingdølen*) bruker både former med *y* og ø.

### Vokalar: diftongar

- i. *au – ø*: to av avisene (SMP og TA) bruker den jamstelte forma *død*, medan ei tredje (BT) nyttar den jamstelte forma *daud*. To aviser nyttar hovudforma *straum*, medan eg ikkje har gjort funn av sideforma med monoftong. I tillegg har eg funne bruk av hovudforma *draum* og eineformene *haust* og *laurdag*.
- ii. *ø – øy*: det er stort sett berre former med diftong som blir nytta i avismaterialet. Dei få tilfella av former med monoftong er alle frå aviser på austlandet (TA har *kjøre*, *Valdres* har *kjører* og *Varden* har *påkjørt*). Alle desse tre avisene inneheld i tillegg former med diftong.

### Konsonantar

- i. Enkel vs dobbel *m*: dei fleste bruker hovudformene *sommar* og *gammal*. TA bruker både *sommar* og [*sumar*], medan *Valdres* ser ut til å bruka former med enkel konsonant konsekvent (anten dei er hovudformer eller sideformer). Fleire av avisene nyttar både *koma/-e* og *komma/-e* (av og til om kvarandre, som i ein av artiklane i *Firda*, der både *komande* og *kommande* blir nytta). Avisa *Hallingdølen* bruker dessutan forma *\*samme*. Heller ikkje her er det mogleg å lesa ut regionsvise tendensar.
- ii. Enkel vs dobbel *t*: *Firda*, *Jærbladet*, *Sogn Avis* og TA inneheld former med enkel konsonant (*skot*, *kjøtt* osv.), medan *Valdres* nyttar dobbel konsonant i *tilskott*.

### Anna

Bruken av *mogleg/mogeleg/[muleg]*: i to av avisene blir berre den jamstelte forma *mogleg* nytta, og ei tredje avis inneheld berre *mogeleg*. I tillegg er det fire aviser som bruker både *mogleg* og *mogeleg*. Ingen av avisene inneheld sideforma [*muleg*].

Både *Bergens Tidende* og *Sunnmørsposten* bruker former av vekedagsnemningane som ligg utanfor nynorsknorma. BT har forma *\*mandag*, medan SMP inneheld døme på bruk av både *\*mandag* og *\*tirsdag*.

## Delkonklusjon

Undersøkinga av morfologien i dei utvalde publikasjonane viser vel først og fremst at det er eit nokså smalt sett former som er i bruk, og at dei regionsvise variasjonane er små.

I den graden det ser ut til å vera gjort medvitne val innanfor norma, gjeld dette "signalformene" infinitivsending og personleg pronomen 1. pers.pl. Det er sjølvstøtt noko variasjon elles også, men denne er det umogleg å knyta til regionar eller dialektområde. Ein del intern inkonsekvens viser også at valet av former nok ikkje alltid kan vera særleg medvite, og at det å få fjerna slike inkonsekvensar ikkje kan vera ein prioritert del av korrekturlesinga i avisene.

## 3. Skjønnlitteratur

Her har eg i hovudsak basert meg på resultatata til Vikør (1995). Eg har i tillegg sjølv undersøkt to skjønnlitterære tekstar eg fekk låna på diskett av Jan Terje Faarlund. Desse tekstane er Jon Hellesnes. 1982. *Carolus, klovnen* og Johannes Heggland. 1981. *Anna Gyria*. Begge tekstane er altså frå 1980-talet, og er såleis nyare enn tekstane som er med i undersøkinga til Vikør.

### 3.1 Tekstgjennomgang, skjønnlitterære verk

I teksten til Hellesnes er det ingen store avvik frå hovudformene. Han nyttar hovudformene i dei undersøkte singularis- og pluralisformene av femininum, og han nyttar bøyingsmønsteret *auga-auga-augo-augo* i dei svake nøytrumssubstantiva<sup>9</sup>. Han nyttar også hovudformer med *-e* i nøytrum av adjektiv på *-en*, og hovudformer av dei undersøkte pronomena. Som personleg pronomen i 1. pers. pl. nyttar han *vi*. Hellesnes nyttar konsekvent *e*-infinitivar, og i preteritum av svake verb vel han stort sett *-de* over alt. Han har til og med eit innslag av preteritumsforma *\*kvilde*. I supinum av svake verb med obligatorisk *-(d)de* i preteritum nyttar Hellesnes gjennomgåande *-(d)d* i denne teksten. Han nyttar *-e* i supinum av sterke verb, og *-st* som passiv-/refleksivform. Hellesnes nyttar også kortformer i verb som *gi*, *ta*, *stå*, og han bruker *j* i former av verb (*liggje*, *leggje*, *følgje* osv.). Teksten inneheld også berre former av *verte*.

Også for den delen av undersøkinga som gjeld lydverket, ser det ut til at Hellesnes stort sett held seg til hovudformer. Han har hovudformene *anten* og *berre* (vekslinga *a-e*), hovudforma *gjere* (vekslinga *e-ø*), hovudformene *no*, *så* og *tole* (vekslinga *o-å*), og hovudformer med diftongane *au* (*draum*, *straumen*) og *øy* (*drøymande*, *gløyme*, *gøyme*). I undersøkingane som gjeld jamstelte former, vel Hellesnes *lys* men *ljoshærd* (vekslinga *jo-y*), *skule* (*o-u*), *skuld* og *lykke* (*u-y*) og *søndag* (*u-ø*). I undersøkinga av former med *y* eller *ø* viser det seg at Hellesnes vel formene med *ø* både der dei er hovudformer (*følgje*), jamstelte former (*første*) og klammeformer ([*løfte*], [*søster*]). Han vekslar mellom enkel og dobbel konsonant i inf. *kome/komme* og nyttar usamansett *gammal* saman med samansett *gamalvoren*. I valet mellom enkel og dobbel *t* vel Hellesnes konsekvent former med enkel konsonant (*brot*, *skot*).

Heggland (1981) skil seg ut ved å vera den einaste teksten eg har analysert som konsekvent nyttar [-a] i ubunden eintal av svake femininum. Når det gjeld substantiva elles, nyttar han hovudformer både i bunden form sg. av sterke femininum, og i ubunden og bunden form pluralis av svake femininum. Han nyttar også hovudforma med *-e* i nøytrum av adjektiv på *-en*, og hovudformer av dei undersøkte pronomena. Som personleg pronomen 1. pers.pl. nyttar han *me*. Heggland bruker *a*-infinitivar, men nokre stader snik det seg inn ein og annan *e*-infinitiv i teksten (*kjenne*, *finne*, *verte*). Han nyttar også stort sett *-de* i preteritum av *e*- og *j*-verb.

Når det gjeld supinum av svake verb med obligatorisk *-(d)de* i preteritum, skil også denne teksten seg litt ut. Her er variasjonen ganske stor, med *glødd*, *truidd*, *greidd*, *grodd* men *bygd/bygt*, *levt*, *arbeidt*, *gledt*, *født*, *lydt*, *bedt* og til og med *\*spreidt*. Når det gjeld dei andre undersøkte verbkategoriane, skil dei seg ikkje frå funna hos Hellesnes.

I lydverket skil teksten til Heggland seg også ut frå materialet elles på ein del punkt. Han held seg til hovudformene *anten* og *berre*, og i tillegg nyttar han forma *jarn*. Han vel formene

<sup>9</sup> Dette må modifiserast litt, for både Hellesnes (1982) og Heggland (1981) nyttar både *auga* og *augo* i bf.pl.

*vita* og *lippe*, og forma *gjera*. Her bruker han også forma *\*mjelka*, som er utanfor nynorsknorma. Heggland vel formene *ljøs* og *skule*, og nyttar hovudformene *no* og *tola* saman med sideforma [*so*]. I valet *u–y* vel han formene *lukke* og *skuld*, og i valet *u–ø* vel han formene *sundag* og [*turka*]. I valet mellom *y* og *ø* nyttar han nokså konsekvent former med *y*, også der dei er sideformer. Unntak frå dette er hovudforma *sølja*, som Heggland nyttar saman med sideforma [*sylv*], og i tillegg eitt nedslag av *\*ønskje* n. Som Hellesnes nyttar han hovudformer og jamstelte former med diftong (*au* og *øy*), og enkel konsonant i orda *kjøt*, *brot* og *skot*. Heggland har i tillegg enkel konsonant i inf. *koma* og sup. *kome*, og i adj. [*gamalt*]. Han nyttar samstundes hovudformer med dobbel konsonant i orda *sommar* og *somme*.

Generelt kan det kommenterast at det er ein god del talemålsformer i dialogane hos Heggland, t.d. *menner*, *malking* og *badn*. Denne teksten er nok uansett den som skil seg mest ut frå det analyserte materialet elles.

### 3.2 Undersøkingane til Vikør (1995)

Vikør (1995) analyserer formbruken i skjønnlitterære verk frå 1930-, 1950- og 1970-åra. For denne undersøkinga er konklusjonane som gjeld 1970-talsmaterialet dei viktigaste, fordi dette er publisert minst ti år etter 1959-rettskrivinga (læreboknormalen). Vikør konkluderer med at “formvariasjonen er relativt avgrensa, og klart mindre enn den rettskrivinga gir rom for” (1995: 58). Med nokre få unntak held forfattarane seg innanfor det Vikør karakteriserer som ei “midline” innanfor læreboknormalen. Han meiner også at “talemålet som normkjelde ser ut til å stå svakare hos syttitalsforfattarane enn i dei tidlegare generasjonane” (op.cit., 58 f).

Vikør konkluderer med at det på ein del punkt kan sjå ut til at språkbruken samlar seg kring ei form eller eitt sett former. Dette meiner han særleg fører til at sideformene blir tilsidesette, og at einsrettinga er spesielt tydeleg innanfor formverket. I einskildtrekka Vikør har undersøkt, er tendensane like med dei eg finn i materialet mitt – både i dei skjønnlitterære verka og i sakprosaen.

På eitt punkt peiker Vikør på unntak frå tendensen til konsolidering. Dette gjeld former av verb og substantiv med eller utan *j*. Her meiner han fordelinga er om lag 50-50, men peiker på at “nettopp på dette området er inkonsekvensar meir utbreidd enn elles” (op.cit., s. 60).

## 4. Sluttanalyse

Fordi ein del av delundersøkingane er så overflatiske, har det vore vanskeleg å lesa ut tydelege tenensar av dei. Samla sett gjev likevel undersøkingane eg har gjort eit bilete av at det er meir einsretting enn mangfald i formbruken i publiserte tekstar på nynorsk. Dei medvitne vala av former ser særleg ut til å gjelda infinitivane og valet mellom *me* eller *vi*.

I utgangspunktet hadde eg venta å finna større variasjon i avismateriala. Fordi mange av dei utvalde avisene er lokalaviser, skulle ein kanskje tru dei la vekt på å velja former som ligg nært opp til den lokale dialekten. Dette ser ikkje ut til å vera tilfellet i særleg sterk grad. Eva C.K.Vinde (2000) har undersøkt formvariasjonen i avismateriale på bokmål, og undersøkingane hennar gjev eit svært eintydig bilete av normtilstanden i bokmålsdelen av den norske pressa. Heilt eintydig finn ho at dei moderate bokmålsformene regjerer.

Når det gjeld godkjende læreverk, skal desse halda seg innanfor læreboknormalen, men normalen gjev jo likevel i utgangspunktet rom for ein god del variasjon. Atle Mosling (1998) har undersøkt formvariasjonen i læreverk på bokmål. Han har færre undersøkingssparametrar enn dei eg har nytta, men han konkluderer uansett med at

resultatene fra denne undersøkelsen er kanskje ikke særlig overraskende, men desto med entydige: Forfatterne holder seg stort sett til det jeg i innledningen kalte moderate/tradisjonelle former, av og til også moderate/tradisjonelle former som ikke inngår i det vi kaller den offisielle norske rettskrivningen (1998: 58).

Sjølv om det ikkje er nokon grunn til automatisk å setja likskapsteikn mellom bokmål og nynorsk når det gjeld formvariasjon, gjer desse resultatata at det ikkje ville vera heilt urimeleg å arbeida vidare med eit større nynorsk lærebokmateriale med utgangspunkt i ein hypotese om at formvariasjonen i tekstmaterialet er liten.

Samtlege undersøkingar av substantivformer viser at det stort sett berre er hovudformene som er i bruk. Eitt og anna innslag kan det vera av sideformene, men det er heilt marginalt. For dei svake nøytrumssubstantiva eg har undersøkt, ser tendensen ut til å vera at dei to bøyingsparadigma blir blanda saman.

Undersøkingane av nøytrumsformer av adjektiv på *-en* viser heilt klårt at hovudformene med *-e* er dominerande. Unntaket er nøytrumsforma av *kristen*, der sideforma [*kristent*] ser ut til å vera einerådande. Bruken av den jamstelte hovudforma *i* i desse nøytrumsformene (t.d. *opi*, *naki*) er heilt fråverande.

For pronomena sin del viser den største variasjonen seg å vera i valet mellom dei to jamstelte formene *me* og *vi*. Elles viser det undersøkte tekstmaterialet eintydig at hovudformene *deira*, *annan*, *anna*, *hennar* er heilt dominerande. Sideforma [*onnor*] ser ut til å vera den mest marginale her, men heller ikkje [*deires*], [*annen*] og [*hennas*] er mykje brukte. Litt meir representerte ser sideformene [*noen*] og [*noe*] ut til å vera, men dei er også totalt sett lite nytta. Sideforma [*nokor*] er også tilnærma fråverande.

Også når det gjeld verba er det ein heilt eintydig tendens til bruk av hovudformer. Her skil jo avismaterialet frå Norsk Tekstarkiv seg litt ut, men dette materialet knyter det seg som me har sett ein del uvissheit til. Når det gjeld infinitivbruken er det påfallande mange tekstar som både inneheld *a-* og *e-*infinitivar. Det må også kommenterast at det kan vera vanskeleg å dokumentera evt. bruk av kløyvd infinitiv i dei store kvantitative søka. Både for bruken av supinumformer av sterke og svake verb, for preteritumsformer av svake verb og for bruken av passiv- og refleksivformer, er det tydeleg tendens til einsretting i formvalet. Når det gjeld bruken av former utan *j*, er variasjonen noko større. Jamt over ser likevel formene med *j* ut til å vera i fleirtal, så materialet er litt annleis her enn materialet til Vikør (1995).

I undersøkingane av fonologiske drag er det nokre av punkta det er mogleg å generalisera over. Generelt ser det i undersøkinga av valet mellom former med *a* eller *e* ut til at sideforma [*enten*] av konjunksjonen *anten* er meir frekvent enn sideforma [*bare*] av adverbet *berre*. Dette kan eg ikkje finna noka god forklaring på. Likevel er den totale førekomsten av desse to sideformene stort sett ganske låg.

Enklare å forklåra er den relativt høgare frekvensen av sideforma [*nå*] enn av sideforma [*so*]. Sideforma med *å* er identisk med bokmålsforma av adv. *no*, medan sideforma av adv. *så* ikkje er det. Hovudformene *no* og *så* dominerer likevel i materialet.

Når det gjeld variasjonen i bruken av formene *skole* og *skule*, ser det altså ut til at dei tekstane som skal halda seg innanfor læreboknormalen (NOU-materialet og lærebokmaterialet), nyttar forma med *o*, medan forma *skule* er meir frekvent i resten av materialet. Forma *skule* ser også ut til å vera mest nytta i dei elevtekstane eg har undersøkt til studien av formvariasjonen i upublisert nynorsk.

I undersøkingane av enkle og doble konsonantar peiker sideforma [*gamal*] seg ut ved å vera mykje meir frekvent enn andre sideformer. Dette kjem heilt klårt til uttrykk i dei store databasesøka (jf søkeresultata frå Tekstlab-basane og basen til Norsk Tekstarkiv).

Tendensen til bokmålsinterferens i bruken av vekedagsnemningar er nok mykje meir uttalt i upublisert materiale enn i publisert materiale. Likevel er det faktisk ein del innslag av formene *\*mandag*, *\*tirsdag* og *\*lørdag* også i det publiserte materialet.

Samla sett er variasjonen mindre i formverkdelen enn i lydverkdelen av undersøkingane mine, men tendensen til einsretting i val av former er altså også til stades når det gjeld lydverket.

Det at formvariasjonen ser ut til å vera relativt liten i alle delar av det undersøkte materialet, er kanskje ikkje nokon oppsiktsvekkjande konklusjon. Andre undersøkingar viser liknande tendensar. Trude Hoel har undersøkt vide og snevrare rettskrivningssystem i dei skandinaviske språka, og ho meiner heilt klårt for at “den systematiske valgfriheten er [ikke] like reell i praksis, som den er i rettskrivingsnormalene” (1995: 91). Utgangspunktet for utsegnene til Hoel er undersøking av feiltypar i skriftleg materiale, men ho etterlyser større empiriske studiar av faktisk språkbruk, fordi ho meiner mangelen på slike undersøkingar gjer det vanskeleg å driva reelt normeringsarbeid.

Undersøkingane eg har kunna gjera i løpet av nokre få veker, er langt frå dekkjande. For å få eit sikrere oversyn over formvariasjonen i alle delar av publisert nynorsk, trengst det meir inngåande studiar enn denne. Men funna mine stemmer altså for det meste godt overeins med funna til Vikør (1995), og tendensen i funna mine er den same som tendensane som kjem fram i tilsvarende undersøkingar av skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål.

## **Bokliste**

- Hoel, Trude. 1995. *Rettskrivingsnormaler – til hjelp eller til besvær? En vurdering av “vide” og “snevre” rettskrivingsystem i skandinaviske språk*. Upublisert hovedoppgåve, UiO/HiA.
- Mosling, Atle. 1998. *Språknormering i sakprosaen*. Upublisert hovedoppgåve, UiO.
- Vestbøstad, Per (red.). 1989. *Nynorsk frekvensordbok*. Bergen: Alma Mater forlag AS.
- Vikør, Lars. S. 1995. *Rettskriving hos nynorskforfattarar*. Norsk språkråds skrifter nr. 3. Oslo: Norsk språkråd.
- Vinde, Eva Cathrine Kolsrud. 2000. *Syv eller sju? – og mye mer. Språknormer og språkpraksis i norsk presse*. Upublisert hovedoppgåve